

Stemme for første gong

Korleis føregår egentleg eit stortingsval? Les om Miriam, som stemmer for første gong!




Dette er Miriam. I dag skal ho stemme for første gong. Miriam går til vallokalet i nærleiken av der ho bur.




Miriam vel eit ark med det partiet ho vil stemme på. Dette blir kalla ein stemmesetel.



Miriam legg stemmesetelen i ei valurne. No har ho stemt!



Den kvelden er Miriam seint oppe. Ho er spent på kor mange stemmer partia fekk.



Dei partia som får flest stemmer, får også flest folk inn på Stortinget. Desse blir no stortingsrepresentantar.



Etter valet får vi vite kven som blir statsminister. Statsministeren må lage ei regjering.